

# Kyrkjelydsblad

for Arna prestegjeld

Nr. 5

Arna Juli 1971

4. årgang

## *Kom i hug*

Når du kjem inn i det landet som Herren din Gud gjev deg til odel og eiga, og legg det under deg og fester bu der, då skal du taka noko av fyrstegrøda av alt som du avlar der i landet, og leggja i ei korg og fara til den staden som Herrens din Gud vel seg til bustad åt namnet sitt. Der skal du ganga fram for den presten som då er, og segja til han: Eg vitnar i dag framfor Herren din Gud at eg er komen inn i det landet han lova fedrene våre å gjeva oss. Og presten skal taka i mot korgi og setja henne ned framfor altaret åt Herren din Gud.

So skal du taka soleis til ords for Herrens åsyn: Ættefar min var ein heimlaus aramear, han for ned til Egyptarland og heldt til der med ein liten flokk, og der vart han til eit stort og sterkt og fjølment folk.

Men egyptarane for ille med oss og plaga oss og la tungt arbeid på oss. Då ropa me til Herren vår. Og Herren førde oss ut or Egyptarland med sterk hand og strak arm og med store skremelege verk og med teikn

og under, og han førde oss hit og gav oss dette landet, eit land som fløymer med mjølk og honning. Og sjå no kjem eg med fyrstegrøda av det eg hev avla i det landet du hev gjeve meg, Herre. So skal du leggja det ned for Herrens åsyn og kasta deg på kne for Herren din Gud.

(5 Moseb. kap. 26).

## Å Kristus du som ljuset er

*A Kristus du som ljuset er,  
alt myrker vik når du er nær.  
Me ser i tru og bøn til deg  
når soli glar og løyner seg.*

*Ver du vårt vern i denne natt  
og ved vårt lægje trufast statt.  
Når me til kvila legg oss ned,  
di omsut gjev oss trygd og fred.*

*Du allheims drott, di store makt  
er alt du skapte underlagt.  
Vår Gud i himlens høge hall,  
deg vere lov i æva all.*

Etter ein latinsk salme frå 1500-talet. Omsett til nynorsk av

*Erik Skjerve.*

## Eit ord til konfirmanten

Frå konfirmantfesten i nye-skulen 16. mai.

Skiftande stemningar. Kven kjenner ikkje til det. Stundom kjem kjensle av ein-semd. Då spør eg. Er det berre eg som har det såleis? Konfirmasjonsalderen har og sine høgdepunkt — og sine dalsøkk. Sjølv konfirmasjonsdagen skulle med rette vera ein slik ting. Den var det truleg for mange. Kanskje er det gildast å tenkja attende på dagane føreåt, på forventninga. Det var spaning då. Men så kom stilla. Og dagen etter på vart det kanskje dau-stilt. Du rak som ei fjordajekt frå seglskutetida — utan vind. Alt var berre dauvskap. Kva var så meininga med alt i hop?

Lat oss dukka ned i ei fortelling frå Det nye testamentet. Me finn den i Joh. 21. Læresveinane har gjennomlevt langfredagen — og påskedagen. Og før det kunne dei sjå attende på store, glade stunder saman med Meisteren. Med liv og kraft og spaning hadde han fyllt deira liv. Opp og ned gjekk det. Djupaste dalsøkket nådde dei langfredagen. Då skjønna dei ingen ting lenger. Så kom påskedagen med alle «ville» rykte. Då var det heilt forvildra.

Men så fekk dei visse små glimt av den oppstandne. Kor tregeleg det var at dei fekk så korte stunder saman med han nå. Nå når han sikkert skulle ha så mykje forvitneleg å fortelja. Han syntest praktisera det så, at då dei var mest oppgjevne og ferdige til å gje opp all von, då kom han — og synte seg — ljøs levande. Men så kvarv han bort frå augo deira att. Det var som han heldt på og trenna dei til å tru utan å sjå. Ja for trua må og ha si trening.

Ei kveldstund var sju av læresveinane ilag. (Joh. 21,2). Glimt av den oppstandne hadde dei alle fenge. Men nå var det alt ei stund sidan. Noko måtte dei gjera på.

Men kva skulle dei ta seg til. Motet var nå så om lag på nullpunktet. «Eg vil ut og fiska», seier Peter. «Me slær lag med» seier hine. Og so ber det avstad — ned i fjøra og ut i båten.

Det gjekk ikkje bra. Frosne og kalde og svoltne og meir eller mindre halvgrå i andlitet drog dei garnet opp for siste gong den natta utan eit bein. Så var det heim — til ein ny modlaus dag då?

Men då høyrer dei eit rop frå land. Dei ser ein mann stå der. Ropet røbar at han kjenner dei og stillingen dei er i. «De har vel ikkje noko fisk born?». Kasta garnet på høgge sida, så får de fisk. Då kjendest det som dei sette fast i botn, så stor fisketyngd var der.

«Det er Herren» seier ein av dei. Og dermed er Peter ferdig med det å tenkja på den store fangsten. Han må skunda seg. Så kastar han seg i sjøen og legg ut på ein ca. 125 meter lang symjetur. Du kor han tek i. Berre no Herren står der til han når fram. Våt som ein silklut står han så framfor Meisteren — framfor den oppstandne.

To ting hadde misslukkast, og dei same to ting hadde no lukkast. Det åndelege barometer stod på null kvelden før, og i sitt spesielle fag på det timelege plan var det svarte garn. Nå var det brann i hjarta, og garnet var fullt. Jesus hadde så brått vendt til det gode både det timelege og det åndelege i livet hans. Då var straumstilla borte. Nå fyllte brisen alle segl. Slik vil Jesus stiga inn i livet vårt også i dag både med timeleg og åndeleg velsigning, berre me ikkje vender oss frå han.

Ser du Jesus no: Kor han fylgde dei den natta dei ingen ting fekk. Kor han visste om deira modløysa og tvil. Ser du kor han

steller til for dei. Tak og les fortellinga, så oppdagar du at den oppstandne Herre og Meister går langs stranda og plukkar kvist, bøyer seg ned og gjer opp eld, steller til mat åt dei, og byr dei so til bords. Alt dei trong fekk dei, varme, mat, omsorg. Og størst av alt: Dei fekk møta han til ny inspirasjon, ny vissa og ny glede. Gå til desse du — og spør om ikkje livet vart meiningsfylt.

Du er no lagt ut på livsens fjord. Du får sikkert mange ljose dagar og tider då livet vil lukkast. Men du vil og måtta ta deg fram gjennom netter i tvil og modløysa. Men det skal du vita at Meisteren frå pås-

kemorgonen fylgjer deg, og ventar deg på hi stranda med dei same ting i herleggjort tilstand: varme, mat omsorg, fryd og glede.

Lat Peters symjetur tolka for deg kva det er å vera bunden til Han. Kvart nytt tak han tok var eit tak i tru og von. Han vart ikkje gjort til skammar.

For eit under om heile konfirmantflokket la ut på ein slik symjetur — kvar dag. For ei fryd i Meisterens hjarta. Eitt er sikkert. Han står på stranda og ser etter deg. Kanskje du treng hjelp av eit Johannes-auga for å gjera alvor av Peter-spranget.

Johannes Valle.

## Ei lita stund, ein liten blund og so ei evig glede

Ingard Henriksen fortel om jubileumsfesten dei hadde i Thorshov for sjømannsmisjonen. Dei sat kring duka festbord, og hygde seg saman. Millom gjestene sat ei diakonisse med eit vake andlit og kvitt i håret sitt. Ho var no pensjonert og hadde vore kyrkjelydsyster sine seinste år. «Syster Olga», segjer ei kvinneverøyt «no lyt du fortelja om Egil. Eg har høyrte om han før, men ikkje dei hine».

Det er mange år sidan no. Eg var diakonisse på Rikshospitalet på medisinen. Ein dag vart ein tynn liten gut lagd inn frå Finnmark på 8 år. Mori døydde frå han då han var endå mindre, so han vart sett ut til framande. Dei fann ikkje ut kva det vanta Egil. Bryst og mage var ikkje i orden, so sende dei han då til Oslo. Han fekk rom E. — der fekk han vera åleine og få den ro han trong til. Det vert berre nokre dagar å vera åleine her til dei finn ut kva som vantar deg. Og so er Jesus hjå deg. «Hå», segjer Egil, «Jesus her ved mi seng? Nei du, han har andre store ting å ta vare på enn ein liten gut som eg. Men det gjer

ikkje noko, for Jesus har masse englar og dei er hjå meg kvar dag.»

Men Egil kom ikkje til krefter. Tuberkulose? Dei fekk då freista finna fram til det rette.

So ein dag hadde eg fridag, fortel s. Olga. Og fegen var eg for å kunna gå tidleg til sengs. Og berre sova. For dagane var stride. Men eg fekk ikkje sova for Egil var i tankane mine, og seint på kvelden stod eg like godt opp. Eg fekk ta meg ein tur yver til avdelingen. Men systrene kunne tru eg kom for inspeksjon og ikkje leit på deim. Likevel laut eg gå. Systrene såg på meg, men var venlege og bad meg vera med og drikk nattkaffi ilag med deim. Korleis står det til med Egil, spurde eg. Me merka inkje noko sers under kveldsstellet, svara dei. Men før eg går vil eg stikka innom og sjå om han søv.

Men Egil sov ikkje. «Å, der er du syster Olga, eg visste du skulle koma — men — i natt kjem Jesus og hentar meg, eg skal døy — han har sagt det til meg, og so bad eg om at du skulle få vera her, so du kunne

få sjå han». So sette eg meg ned og tok den vesle handi og fortald eom barnevenen vår og himmelen. Tidi rann so fort, men so sa eg til meg sjølv: «Både Egil og eg treng no te sova». Men so reiste Egil seg halvt opp i sengi og ein klår ljóske kom yver andlitet hans og so kviskra han: «No kjem Jesus — der — der er han». Eg slo armene mine kring han og trykte vesle guten inn til meg. Han fekk ein hard blodstyrting, den vesle kroppen skalv, og augo brast. Men i same stundi såg eg i ein augneblink ein ljósglans ved døri som samla seg til ein skinande skapnad med utstrekke hender. Sanneleg eg såg Jesus i ljósglansen like klårt og livande som eg ser dykk ved bordet her no».

«Korleis er det du ser ut?» spurde dei då eg sidan kom ut på vaktrommet, blodut som du er på armar og bryst.» So fekk dei høyra om Egils avferd og om det som her er skrive. Dei møtte meg ikkje med vantruande smil, men let sjeli fyllast av det som inkje auga såg eller som inkje øyra fekk høyra. Det einaste dei sa var: «Kvifor ringde du ikkje, syster Olga».

Og so skyna eg: Guds nåde hadde møtt meg. Kanskje det var for di eg skulle fortelja dette og soleis vera til hjelp for ein eller annan.

Og engang jeg ser ham når lyset nedbrenner, la rekker jeg mot ham de signende hender. Når hjertet står stille og øyet vil briste, da hjelper jeg ham med et smil, med det siste.

## Konfirmantar

### JENTER:

Gro Ahlsen, Bente Angelskær, Gro Brunborg, Liv Brunborg, Torill Fick, Linda Gaulen, Gerd Marit Grinde, Grethe Hegger- tveit, Bjørg Hundhammer, Sissel Husa,

## SPAREBANKEN — Banken for innskytarane

er skipa for å stå til teneste for Dykk, og vi ville gjerne at De kom innom banken slik at vi kunne fortelje Dykk korleis De kan nytte denne tenesta. **Velkomen i banken**

**HAUS SPAREBANK**

## ALT I GRAV- MONUMENTER

### Espeland Gartneri

Espeland Gartneri og Begravelsesbyrå  
Telefon 40809 — Espeland

Mary Kallekleiv, Sonny Kvalheim, Berit Lien, Mai Martinsen, Synnøve Mikkelsen, Inger Elisabeth Mohn, Nina Nordbø, Venche Nordbø, Eli Nævdal, Jorunn Romslo, Ase Romslo, Grethe Røisæth, Vigdis Sjur- sen, Tone Valen.

### GUTAR:

Frank Aadland, Frode Berg, Jan Ove Bergesen, Alf Kåre Blindheim, Torbjørn Blindheim, Harald Bratli, Svein Bremert- hun, Oddvar Edvardsen, Freddy Endresen, Tore Finne, Odd Rune Fitje, Frode Haga, Geir Haugland, Rune Haugland, Idar Kro- nen, Rolf Kvam, Alf Nelson, Terje Nesheim, Hjalmar Romslo, Stig Sagstad, Jarle Sand- vik, Stein Ove Skadal, Otto Solsvik, Kåre Stensrud, Richard Sydness, Geir Thunes- tvedt, Kjell Inge Vikne.

## Godt grannelag

*Blandt beste ting, som himlen gav,  
er godt og rolig grannelag.  
Det kjøbes ei for penge  
Et sammenhold av fredens ånd,  
hvor granne rekker granne hånd.  
Det er vel som et gyldent bånd,  
hvor ægte perler henger.*

*Det er en pryd for menighed  
Guds engle selv forlystes ved  
at se det med sitt øye.  
Hvis ei de var til himlen vant,  
de skulde stige ned iblandt.  
Og hvor de gode granner fandt,  
de skulde seg fornøje.*


*En prektig mand en yndig brud,  
Som enes til et par av Gud.  
Det er et syn som glæder.  
Men granne som i hungersnød,  
Med granne deler siste brød,  
det syn kan gjøre stener blød  
Så den i glæde græder. —*

*Vær defror, granne, hvor i bo,  
med hånd og mund hinanden tro.  
Bo brannemænd, som brødre!  
I grannekoner, deler råd.  
Hinanden lærer nyttig død!  
Og tørrer blidt hinandens gråd.  
Som søstre bo, i mødre!*

*Eders Gud velsigne skal,  
og eders fæ i berg og del  
Skal roligent få gresse  
På ageren skal modnes sæd  
Og eders barn i tredje led  
til graven følger eder ned.  
Og eders minde hædre.*

(Chl. Frimann).

## På den gamle gard



*Min ven, du stend so bjart for auga  
i arbeid på teigen i solljos lauga.  
Ein strøymande varme frå bringa gjeng  
Slær den an din hjartestreng?*

*Riva i handi, gjenge leikande lett  
og grasdott til både sidor sprett,  
som famnar ut dei skårer lange,  
i takt med grashopps sange.*

*Kjærleiken ingen kan mæla,  
skaper i barmen strøymande sæla.  
Når menneske tvo, vert til eitt,  
ved Gudgjeven lagnad sett.*

*I saman dei striden, på livsens vang  
i glede og einskap dagen lang.  
Åri dei mange for so snøgt,  
og grunnen i eigen barm var pløgt*

*Der kom ein haust og vinter lang  
med ymse arbeid i deira stand.  
I skyming dim, de dormar av  
men kveldens stell treng og sitt par.*

*I saman dei gjeng, til løda og fjøs  
med lykt i handi, eitt sparsamt ljøs  
som leid dykk synte til krubbe og bås,  
der ventande skapning murra lidt hås.*

*Stik det er med stell på gamal gard  
i glede og arbeid, om stundom lidt hard.  
Når einskap isaman millom dei rår,  
då leikande lett, dei til gjerningen går.*

*Kva er det som bind, og driv baa tvo?  
Ein lovnad dei gav i saman å ro,  
si livsleid til endes, i kjærleik tru,  
som ber dei isaman yver livsens bru*

*Dette fylte hugen med glede varm,  
over den livsens lagnad, som dei fann  
Ved Herrens signing dei dette vann.  
I takksemd stille ei tåre rann.*

*Alderen kom, — dei overgav den heile gard.  
No unge odla skal, den gamle arv.  
I stille undring de attende ser  
over det vene som vaks etter strev.*

O. U.

### Kyrkjelege handlingar

#### DØYPTE I ARNA:

- 28.3. Kristin, foreldre: Leif Harald Kvaale og k. Lillian f. Hamre.  
3.4. Therese Flåm, for.: Helge Olsen og k. Kirsten Marit f. Flåm.  
4.4. Trine, for.: Terje Thornquist og k. Lillian f. Mostrøm.  
4.4. Inge, for.: Knut Mæstad og k. Solveig Jorun f. Takle.  
4.4. Gunnar, for.: Nils Skårnes og k. Elin Sissel f. Johnsen.  
3.4. Tor Atle, for.: Terje Brekke og k. Aslaug Inger f. Nesse.  
9.4. Hege Therese, for.: Rolf Harald Olsen og k. Unn Else f. Petersen.  
9.4. Eli, for.: Olav Ingmar Rosvold og k. Svanhild f. Krogseth.  
9.4. Stig Anton, for.: Gunnar Hordvik og k. Hjørdis Rannveig f. Stenseth.

- 11.4. Geir Stener, for.: John Kristian Jakobsen og k. Rigmor Elvine f. Abrahamsen.  
11.4. Kenneth, for.: Trond Roar Manum og k. Bjørg f. Tunes.  
11.4. Sissel, for.: Oddmund Bildøy og k. Asbjørg Henrikke f. Mæland.  
11.4. Bente, for.: Kjell Atle Iversen og k. Solbjørg Oddrun f. Veland. (I Ostereidet kyrkja).  
10.4. Kristin, for.: Bjørn Indredavik og k. Reidun Sissel f. Evensen (i Kinsarvik kyrkja).  
18.4. Mona, for.: Leiv Johannes Småland og k. Oddrun f. Dolvik.  
20.4. Pål Vidar, for.: Rolf Anskar Heimdal og k. Liv Signe f. Dalseth.  
15.5. André, for.: Leif Bernhard Boge og Rigmor f. Eikefet.  
15.5. Trond Jarle, for.: Jarleiv Bøe og Karin Helene f. Hansen.  
15.5. André, for.: Helge Andre Drotningvik og Marie f. Hope. (Døyp i Birke-land).  
15.5. Elin, for.: Rolf Haugland og Gerd f. Solberg.  
16.5. Anne-May, for.: Magne Telstø og Sigrunn Lillian Haukås f. Saltnes.  
23.5. Anita Margrethe, for.: Egil Sigfred Høgstein og Siren f. Larsen.  
20.5. Olav, for.: Torbjørn Vathe og Ingeborg.  
29.5. Bente, for.: Arne Kleiveland og Elin f. Holdhus.  
30.5. Liv, for.: Kjell Sundal og Mary Norene f. Hansen.  
30.5. Ingebjørg Gjuvsland, for.: Dagfinn Hjellbrekke og Liv Kirsten f. Gjuvsland.  
31.5. Anders, for.: Hans Kristian Torgilsvetveit og Gunvor f. Nordtveit. (i Sundvor kapell).  
6.6. Tom Iglebæk, for.: Knut Rasmussen og Elin Hendrikke f. Iglebæk.

- 6.6. Marit for.: Einar Vatne og Kari f. Steigum.  
6.6. Ann Kristin, for.: Sverre Martin Hal-land og Berit f. Rønneseth.  
12.6. Tone, for.: Ola Martin Rognved og Inger Alise f. Djøanne.  
12.6. Hildegunn Bjørø, for.: Gunnar Sæt-hre og Helga Kristine f. Bjørø.  
12.6. Merete, for.: Anton Håkon Skjold og Bente Randi f. Andersen.  
12.6. Rune, for.: Jan Almeland og Mary Berit f. Johnsen.

#### VIGDE:

- 2.4. Heinz Joachim Wilhelm Max Haude og Greche Elizabeth Stephansen.  
3.4. Erling Petersen og Jorunn Irene Jen-sen. (I Johanneskyrkja, Bergen.)  
15.5. Jan Gunnar Endresen og Helga Nes-set.  
29.5. Harald Meyer og Turid Ingvarda

### Skal det vera

markiser eller persienner, så ring og spør meg. Eg sel Norsk Amico heilårsmarkiser og prydpersienner, stålrøyr, skyvestigar og tørkestativ Eg sel og stålrøyrskyvestigar med flate røyrtrinn og kletørkestativ frå Ferro Stålinndustri

### MAGNUS BORGE

5233 Haukeland Telefon 40021

#### DØYPTE, YTRE ARNA:

- 4.4. Therese Sæther, for.: Hugo Nilsen og Sølvi f. Sæther.  
9.4. Belinda, for.: Bjarne Enoksen og Edny f. Bendiksen.  
11.4. Liv-Eli, for.: Magne Revheim og Anne Marie f. Samuelsen.  
2.5. Roy Tore, for.: Reidar Blom og Tora f. Ekerhovd.  
3.5. Trond Helge, for.: Odd Kjell Haug-land og Olga f. Solesvik.  
8.5. Vibeke, for.: Harald Hjortland og Turid f. Stokke.  
15.5. André, for.: Leif Bernhard Boge og Ester f. Loftås.

#### VIGDE, YTRE ARNA:

- 13.2. Erik Mikkelsen og Tone Grinde. (i Bergen).  
17.4. Keith Ralph Elliot og Bodil Mar-grethe Blindheim. (i Maria kyrkja).  
24.4. Rolf Eliassen og Solveig Skulstad. (i Bergen.)

#### AVLIDNE, YTRE ARNA:

- 28.5. gift jarnbmann Elling Johannes Thunestveit f. 1920.  
27.5. gibr. h.v. enkjemann Magnus N. Ta-kvam f. 1897.  
10.6. enkja Johanna Herland f. 1881.

- 21.4. enkja Anne Marie Riise, f. 1894.  
2.5. sementstøyper Anton Andersen, Grøttå, f. 1901.  
2.6. pensjonist Søren Nundal, f. 1883.



Vår mann i Arna  
**Kåre Fyllingen**

har forsikring som yrke. Han kan alt i forsikring, og står til tjeneste med råd og veiledning

**Storebrand og Idun**

Adresse: Stølv. 100 B  
5260 INDRE ARNA

**I min forretning**

finn De gaver til bryllup, konfirmasjon og barnedåp



5260 Indre Arna — Tlf. 40496

**Vakre blomar frå**

**Trygve Garnes gartneri**

Telefon 40401, Garnes  
og utsal Indre Arna Tlf. 40415

**J. BERSTAD**

**Filial Indre Arna**

Jernvarer. Verktøy. Beslag.  
Sport og camping.  
Glass og steintøy.

**STØRRE BARNETRYGD**

Barnetrygda vert no utbetalt kvar måned. La pengane gå direkte inn på konto i ARNA PRIVATBANK. Avtal med banken kva kontotype som passar best. Pengane står alltid til disposisjon. Rente opp til 5 pst. p.a.

**ARNA PRIVATBANK**

Alt i bøker, papir, gramofonplater og leiker får De hos

**F. BEYER**

**Bok og papirhandel**

Indre Arna

rin Helene f. Hansen.

- 15.5. André, for.: Helge Andre Drottningsvik og Marie f. Hope. (Døpt i Birke-land).
- 15.5. Elin, for.: Rolf Haugland og Gerd f. Solberg.
- 16.5. Anne-May, for.: Magne Telstø og Sigrunn Lillian Haukås f. Saltnes.
- 23.5. Anita Margrethe, for.: Egil Sigfred Høgstein og Siren f. Larsen.
- 20.5. Olav, for.: Torbjørn Vatle og Ingeborg.
- 29.5. Bente, for.: Arne Kleiveland og Elin f. Holdhus.
- 30.5. Liv, for.: Kjell Sundal og Mary Norene f. Hansen.
- 30.5. Ingebjørg Gjuvsland, for.: Dagfinn Hjellbrekke og Liv Kirsten f. Gjuvsland.

Bladstyrar er Sogneprest E. Tesdal, Indre Arna.

Forretningsfører: Olav Hartveit, Garnes.

Bladpengar kr. 5,— for året. Postgiro: 310444.

— Prenta i Skaars Boktrykkeri, Norheimsund —

*Kleiveland Bjørn*